



Justis- Og Beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep.
0030 Oslo

Dykkar ref.

Vår ref.

22/110-35 /ROAHAU/22/11516

Arkiv:

FE-000, TI-&13

Dato

26.04.2022

Høyingsuttale frå Ullensvang kommune om domstolreforma

Ullensvang kommune viser til regjeringa sitt forslag om endringar i domstolstruktur der det vert vist til Hurdalsplattforma som seier:

Regjeringa vil:

Gjeninnføre strukturen for domstolane før domstolsreforma av 2021 for å vareta borgaranes rettstryggleik og sikre sjølvstendige domstolar med stadleg leiing, med unntak for domstolar der domstolsleiar, kommunane i rettskretsen og dei tilsette gjennom sine tillitsvalde er samde om å oppretthalde dagens struktur.

Domstolsreforma var ei hasteløysing som følgje av politiske forhandlingar, kor forslaget i utgangspunktet var å legge ned dei mindre tingrettane. All erfaring tilseier at ei slik organisering som no er valt for domstolane legg til rette for ei gradvis nedbygging i distrikta. Ullensvang kommune meiner difor at den einaste måten ein kan sikre eit fullgodt domstolstilbod i alle deler av landet på lenger sikt, er å reversere domstolsreforma.

Vi er opptekne av å sikra denne regionen fortsatt gode tenester i justissektoren, både på kort og lang sikt. For å sikre dette må det reetablerast lokal leiing ved tingretten i Hardanger som kan ivareta tenestetilbodet og gjere prioriteringar til fordel for denne delen av fylket.

Hardanger har erfaring for at nasjonale reformar som skal medføre "effektivisering", "betre utnytting av ressursar", "større fagmiljø" osv i praksis medfører nedbygging av statlege tilbod i vår region. Det er meir enn nok døme å vise til, NAV, skatteetaten og politiet er nokre av desse.

Vi fryktar at verdifulle kompetansearbeidsplassar, om ikkje domstolreforma blir reversert, på sikt vil gå tapt i dersom Hardanger tingrett ikkje blir gjenopprettet som en sjølvstendig tingrett. Dette vil i så fall vera nok eit nytt døme på at Staten legg ned stillingar i distrikta. Dersom nasjonen framleis ønskjer norsk frukt frå Hardanger, lokalprodusert sider, ei blømande turistnæring og innovativ industri i verdsklasse her inne, er det også behov for andre typar arbeidsplasser for å få folk til å bli buande. Begge "ektefellene" treng jobb.

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00

Org.nr 920 500 633

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda

postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss i

rådhuset i Odda
kommunehusa i Kinsarvik og Jondal

> www.ullensvang.kommune.no



På vegne av innbyggerne i vår kommune og heile Hardanger vil vi peike på ein del relevante omstende som underbygg vår syn på at Hardanger tingrett bør reetablerast som sjølvstendig tingrett :

- **Det er viktig** å kunne få rettleiing ved fysisk oppmøte på tingretten, spesielt i tvistesaker og arvesaker. Vi fryktar at dette tilbodet til innbyggjarane våre gradvis vil bli redusert med å halde fram med samanslåinga med Bergen.
- **Det er viktig** at det er kort veg, både i tid og avstand, til rettsalen for å få avvikla straffesaker. Det er effektivt med korte avstandar, det sikrar kortare saksbehandlingstid, og kostar samfunnet og den enkelte borgar mindre i reiseutgifter, tapt arbeidstid m.m. I tillegg er det en fordel at domarane kjenner geografien og lokalsamfunnet. Det er viktig for å sikra gode avgjersler.
- **Det er viktig** at innbyggjarane ikkje sit att med eit dårlegare tilbod dersom oppgåver blir flytta vekk frå Hardanger. Sjølv om sentrale styresmakter "garanterer" å halda fram med drift og arbeidsplassar på rettsstaden Lofthus, fryktar vi at krav til "spesialisering", "best mogleg utnytting av tilgjengelege ressursar", "sterke fagmiljø" m.m., gjer at ein del oppgåver over tid vil bli flyttat vekk frå Hardanger, og at vi til slutt sit att med eit dårlegare tilbod til befolkninga.
Frå tingrettar andre stader i landet høyrer vi allereie om flytting av dei store tunge rettsakene inn til byen/den største rettsstaden, og at "distriktsdomarane" berre blir sitjande att med de "enkle" mengdesakene. Dette vil førre til at publikum (partar, vitne, advokatar osv.) må reise lenger for å få behandla si sak. Kanskje vil dette også føre til ein høgare terskel for å anlegge søksmål. Er det god rettstryggleik?
- **Det er viktig** å peika på at innsparingseffekten av å vera samla i store einingar er særst tvilsam. I Bergen har dei i mange år hatt store problem med saksavviklinga, dette trass i at rettsstad Bergen har fleire tilsette og kostar langt meir å drifta per innbyggjare enn i Hardanger. At ein i denne samanheng har såkalla stordriftsfordeler er såleis tvilsamt. Er det kanskje heller slik at Hardanger tingrett vil ha smådriftsføremoner? For store organisasjonar kan skapa unødvendig byråkrati, med mange mellomleiarar og mange interne rundar før det blir teke ei avgjersle, noko som går ut over tida til å gjere faktisk domstolsarbeid.
- **Det er viktig** å peika på gjennomføring av domstolene gjer at advokatane lokalt mister arbeidsoppdrag. På ein konferanse om domstolsreforma på Voss 11. Mars viste advokatane på Voss konkret til at dei ikkje får oppdrag fra rettsstad Bergen (som forsvarar, bistandsadvokat, medhjelpar i tvangssal eller bustyrer i konkursbo og offentleg skifte), korkje før eller etter samanslåinga, dette på trass av at Voss herad "betjenes" frå Bergen. Bergen "gløymer" at det er andre advokatar enn dei som er lokaliserte i Bergen. Så om t.d. konkurssaker eller skiftesaker i fremtida bli handsama i Bergen grunna krav til spesialisering, viser erfaringa allereie at advokatbransjen i distrikta vil lide. Oppdrag for domstolen er ei viktig inntektskjelde for advokatane, i tillegg til private oppdrag. Dersom advokatane mister arbeid for domstolane kan det på sikt føre til at dei ikkje ønskjer å vera lokaliserte i distriktet og legg ned verksemda si lokalt. Igjen ei utvikling som gjev dårlegare tilgang på rettshjelp til befolkninga i distrikta.
- **Det er viktig** for rekruttering til ledige stillingar å ha lokalt forankra leiing av tingretten. Dersom en sakshandsamar eller domar berre skal jobbe med enkelte

fagfelt, kan jobben etterkvart bli mindre gjevande, og ein kan miste medarbeidarar av den grunn. På dei større rettsstadane og i dei større byane vil ikkje dette vere noko problem, der får ein alltid tak i nye kompetente arbeidstakarar, men her i distriktet risikerer ein å ikkje få nok nye kvalifiserte søkjarar. Då er vegen kort for sentral leiing å seie "vi fikk ingen kvalifiserte søkere til stillingen på Lofthus, ergo flytter vi stillingen til Bergen". Når leiinga sit i sentralt, vil det lett oppstå eit "sug" mot Bergen. Det er naturleg at leiinga helst ønskjer å ha alle sine medarbeidarar under same tak. Det er forståeleg, og ein vil difor ofte finne gode grunnar til å få det realisert. Kor interessant er det då å sitje att som gjenverande sakshandsamer eller domar på Lofthus uten eit fagfellesskap? Resultatet blir lett ei gradvis nedbygging av rettsstaden over tid, noko som igjen betyr eit dårlegare tilbod til befolkninga.

- **Det er viktig** å gjenoppretta Hardanger tingrett som sjølvstendig domstol med lokal leiing (sorenskrivar). Dette vil styrkja innbyggjarane i regionen sin rettstryggleik gjennom auka nærleik, tilgjenge og lokalkunnskap.
- **Det er viktig** at Regjeringa gjennom denne reverseringa legg til rette for at alle tingrettar, uansett storleik, får tilført ressursar og handlingsrom slik at dei vert sett i stand til å utføre sitt samfunnsoppdrag på ein god måte uavhengig av geografisk plassering. Den tredje statsmakt må vera til stades for folk i heile landet!

Til dei konkrete forslaga og spørsmåla som departementet ønskjer høyringsinstansane sine svar på har Ullensvang kommune følgjande kommentarar:

3.2.1 Nærmere om Hurdalsplattformen

Ullensvang kommune støttar departementet sitt forslag om å gjenoppretta tidlegare struktur slik det går fram av høyringsnotatet pkt. 3.2.1. Vi meiner at ei reversering av den innførte reforma vil gje regionen dei beste tenestene innanfor justissektoren.

3.2.2 Endringer i adgangen til felles ledelse.

Ullensvang kommune meiner at ordninga med felles leiing bør avviklast. For å ivareta den enkelte tingrett og den enkelte region sine interesser har eigne sorenskrivarar ei svært viktig og avgjerande rolle som ikkje kan erstattast med felles leiarskap mellom fleire. Dersom det i kortare periodar er behov for mellombels leiing av eit embete, bør det nyttast konstitusjonar og ikkje felles leiing.

3.2.3. Bedre samarbeid og styrking av sårbare domstolar

Kanskje eller kanskje ikkje kan ein spare nokre kroner på å effektivisera og spesialisera sakshandsamarar og domarar, men til kva pris? I alle høve er det mykje som tyder på at dette vil gå ut over tenestetilbodet og rettstryggleiken til befolkninga i distriktet. Er det det vi ønskjer? Ullensvang kommune meiner Noreg bør ha råd til å sjå til at alle i landet har eit likeverdig tilbod når det gjeld juridisk hjelp.

Noko av bakgrunnen for reforma var påstanden om at rettstryggleiken blir betre i større fagmiljø. Etter det vi kan finne er dette ein dårleg dokumentert påstand. Det eksisterer etter det vi kan sjå ingen statistikk eller forskning som syner at mindre domstolar gjer en dårlegare jobb enn dei større.

Ullensvang kommune meiner difor at mindre domstolar, som Hardanger tingrett vil vera, bør styrkast gjennom tiltak, tilpasningar og auka ressursar som samla gjev regionen den best mogelege teneste og rettstryggleik tufta på auka høg fagkompetanse, nærleik, tilgjenge og lokalkunnskap. Eit konkret forslag er å utvide rettskretsen. Ved å overføre kommunar som til dømes Voss og Samnanger frå Bergen tingrett til Hardanger tingrett, vil ein avlaste Bergen tingrett samstundes som ein på ein enkel og effektiv måte styrker grunnlaget for drifta av Hardanger tingrett. Ei slik endring vil medføre at ressursutnyttinga vert betre.

I tillegg bør dommarfullmektigstillinga ved Hardanger tingrett omgjeras til ein tingrettsdommarstilling, slik departementet sjølv har nemnt som eit konkret grep for å sikre dei mindre tingrettane.

Ullensvang kommune ber regjeringa reversera domstolsreforma og gjenoppretta ein sjølvstendig Hardanger tingrett.

Helsing

Roald Aga Haug
ordførar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.